



Arkoconsult As  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar: d5369c04-9059-41bc-b992-  
8b85a734ee55

Vår: 22/171 - 22/1826

Saksbehandlar:

Kjell Langeland

kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:

02.09.2022

## Løyve til oppføring av Nytt bygg - under 70 M2 ikkje bustadformål - gbnr 73/3 Modalsvegen 535

**Administrativt vedtak. Saknr: 023/2022**

**Tiltakshavar:** Vidar Nøttveit

**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult As

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust og sjøbu med bruksareal (BRA opplyst til å vere ca. 24,5 m<sup>2</sup> naust og sjøbu 52,5m<sup>2</sup>.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som sone N-3 naustbebyggelse.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.05.2022.

Oppførast med tilsvarande plassering som tidlegare.

### Vatn og avløp (VA)

Det skal ikkje tilkøblast vatn og avløp.

## **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Ingen endring

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Bygging av naust og sjøbu vert gjort som følgje av naturskade i form av skred som utløyste flodbølge.

Det er utarbeidd ein rapport som fastslår at det vil vera lite sannsynleg at det vil koma nytt skred som kan forårsaka flodbølge.

Etter kart frå NVE og NGI ligg bygga i eit flaumutsett område under marin grense. Søknaden gjeld naust og sjøbu der det ikkje skal vera varig opphald. Lite fare for personskada som følgje av dette.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **Nabomerknad**

Ingen merknad.

## **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve til oppattbygging av naust og sjøbu.

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13,05.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/171**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

Med helsing

Kjell Langeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult As  
Vidar Nøttveit

Sandslimarka 264 5291  
5254

VALESTRANDSFOSSEN  
SANDSLI